

Kultur | kategorier ▾

– Kan ein minnst brutale overgrep, og likevel tilgje og leve vidare?

Denne utstillinga gjer oss eit lite frø av håp.



«An eye for an eye only ends up making the whole world blind» sa Mahatma Gandhi. I Kunsthall 34 si nyaste utstilling vert politikk, krig, kunst og estetikk knytt tett saman. FOTO: ALICE BRATSHAUG



Av **Renate Rivedal**
Kunstanmelder i BT

FAKTA

Utstilling: «LIVING FORGIVING REMEMBERING»



I videoverket «The Bell Project» viser kunstnaren Hiwa K. gjennom to flmar nettopp korleis ein kan snu død til liv. I den eine møter vi ei gruppe arbeidarar i Kurdistan/Nord-Irak som under elendige arbeidsforhold samlar saman metall frå amerikanske bomber og granatar.

I flmen på motsett side er vi i Italia, der det smelta metallet endar opp. Dei dødelege våpena har som fugl Fønix stått opp att, men no som vakre kyrkjeklokker, og lyden av knatrande våpen har blitt omgjort til klingande klokker.



Lyden av knatrando våpen har blitt omgjort til klingande klokker. FOTO: ALICE BRATSHAUG

Autoritære regime og brutal dominans

I utstillinga LIVING FORGIVING REMEMBERING møter vi 12 kunstnarar som på kvar sin måte skildrar krigen sine redslar, autoritære regime si harde hand og den brutale dominansen til våpenindustrien.

Samstundes er kunstnarane aller mest opptekne av å sjå om det er mogeleg å tilgje, leve vidare og verte foreina etter å ha opplevd urett.

Kvinnefigurane til Buhlebezwe Siwani kan på avstand sjå ut som eldre koparskulpturar som irrar. På nært hald ser ein at skulpturane som er laga etter Siwani sin eigen kropp, er dekkja av grøn størkna Sunlight såpe.



– Ho vil vaske seg rein frå trauma, frå hets og grovekommentarar, skriv BTs kunstmeldar. FOTO: ALICE BRATSHAUG

Såpa lager vakre grønne render nedover kroppane på dei to. Rundt livet til den eine kvinna har ho eit vakkert perla belte, under eit struttande ballerinskjørt som får ho til å minne om Edgar Degas sine elegante dansarar.

Den grønne såpa minner meg om kvinnene i familien min, besta og mamma, gode minner om rein lukt, glatte hender og klede vaska for hand.

I verket brukar Siwani såpa som referanse til den patriarkalske kulturen der den svarte kvinnekroppen på den eine sida vert fetisjert og på den andre sida likevel vert skildra som «urein».

På eit vis er det hennar eigen kropp vi ser dekkja av såpe, i eit reinsingsritual der ho vil vaske seg rein frå trauma, frå hets og grove kommentarar, frå strukturell rasisme og frå hundrevis av år med undertrykking.



– Såre spor av ein barndom som har forsvunne i bomberegner, skriv BTs kunstmeldar. FOTO: ALICEBRATSHAUG

Mimeleik av vaksen krig

På veggjen ved sidan av heng det ei rekke med Kalashnikovar laga av legoklossar, ein mimeleik av vaksen krig. Såre spor av ein barndom som har forsvunne i bomberegner.

Kroatiske Lana Mesić minnast sin eigen oppvekst, då ho sat i bomberom og bygde våpen med legoklossane sine.



Kalashnikovar laga av legoklossar. FOTO ALICE BRATSHAUG

I det tidlegare Jugoslavia ulmar det framleis av motsetningar og nasjonalistiske kjensler, 20 år etter krigen. Men i hennar andre arbeid har Mesić besøkt eit anna område av verda der ein etter kvart har klart å balansere urett og rettferd.



I bileta ser vi to eller tre personar som står vende mot kvarandre. FOTO: ALICE BRATSHAUG

Vakkert og uendeleg trist

Tjue år etter folkemordet i Rwanda, der det i løpet av 100 dagar vart drepne mellom 800.000 og 1 million menneske, lev dei no atter ein gong side om side.

Verket «Anatomy of Forgiveness» frå 2014 er både vakkert og uendeleg trist. Fotografiaer fargesterke, med monokrom bakgrunn. I bileta ser vi to eller tre personar som står vende mot kvarandre, dei held hender, eller held rundt kvarandre.



– I fotografa møter vi likevel tilgjeving, skriv BTs kunstmeldar. FOTO: ALICE BRATSHAUG

Andre igjen ser rett mot kvarandre. Bileta skal symbolisere augneblinken der den overlevande tilgjev angriparen. Det er sterkt å sjå dei slitne og resignerte ansikta, som rommar så mange forferdelege og makabre minner.

Dei har sett alt og mista alt, i fotografa møter vi likevel tilgjeving, ei tilgjeving av det umogelege, av det aller verste.

Ei personleg dagbok

Ei mengde penneteikningar, akvarellar og blyantskisser i ulike format dekker den eine veggen i utstillinga. Desse skjøre arka er sirleg samla samangjennom ei årrekke av kunstnaren Dinh Q. Lê.



Arka er sirleg samla samangjennom ei årrekke av kunstnaren Dinh Q. Lê. FOTO: ALICE BRATSHAUG

Bileta er ifrå vietnamesiske krigskunstnarar som dokumenterte Vietnamkrigen gjennom nesten tjue år. Vi møter livet ved fronten, men ikkje som i dei brutale fotografia som nådde omverda på 60 og 70-talet.

Vi møter den unge soldaten som ikkje veit om han vil overleve morgondagen, og ein flyktig penneteikning av ein håpefull og målretta sjukepleiar med raude lepper.



Ein håpefull og målretta sjukepleiar med raude lepper. FOTO: ALICE BRATSHAUG

For krigskunstnarane sjølv vart det ikkje berre rein dokumentasjon av krigen, men ei personleg dagbok. Kor viktig det må ha kjentes for kunstnarane, at dei fekk teikna ned ansiktstrekka til alle desse menneska.

For å vise at dei nettopp var det, individ, ei søster, ein son eller ein ven. Gjennom deira strek vart dei ein del av historia.

Kunstverka vert følgt av ein kort dokumentar om dei aldrande krigskunstnarane. I enkelte delar av filmen vert intervjuobjekta til animerte versjonar av seg sjølv, i sine unge kroppar. Ein detalj som lett kunne blitt fåsete, men som fungerer ypparleg for denne forteljinga.

Vil bere med meg for alltid

Sjølv om det ikkje finst noko vakkert i krig, så fann desse vietnamesiske krigskunstnarane likevel små gnistar av noko godt og vakkert.

Og deira dokumentasjon av ansikta og kroppane til dei mange unge uskulde vietnamesiske kvinnene og mennene, kjem eg til å bere med meg for alltid.

Mens den norske påska er over oss, med smilande egg til frukos, koronarestriksjonar, påskekrim og påskerebus, rullar dei blodige demonstrasjonane i Myanmar over TV-skjermen.



– Dei har sett alt og mista alt, skriv BT-kunstmeldar. FOTO: ALICEBRATSHAUG

Når eg ser bilete av kvinner og menn som regelrett risikerer sine eigne liv berre ved å ta til gatene, kjenner eg at opplevinga frå Kunshall 3.14 framleis bankar i kroppen.

For ein tur inn i 3.14 si nyase utsilling, er ein tur inn i ein anna røyndom enn dei aller fese av oss heldigvis er ein del av. Men menneska i Chile, i Vietnam, i Rwanda, eller i Venezuela og i Myanmar var og er framleis våre medmenneske.

Lyden av smelta bomber

LIVING FORGIVING REMEMBERING viser slagkrafta til samtidskunsten når det kjem til både historieforteljing og samfunnsdebatten.

Den er uendeleg kompleks, likevel har eg sjeldan vore i ei utsilling som er så variert i både kuntsnarskap, uttrykk og tidshorisont, men som likevel saumlaus fungerer som ei samla utsilling.

Den stiller spørsmål som er ubehagelege, den viser kor vanskeleg det kan vere å balansere rett og urett, og den gjev oss den vakre lyden av smelta bomber.



FOTO: ALICEBRATSHAUG